


Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 OSLO



Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)
200606607-7/560/RHHA

Dykkar ref.:

Bergen, 12. desember 2006

Høyring - Framlegg til ny felles forskrift om opptak til høgare utdanning

Hordaland fylkeskommune handsama høyring – "Framlegg til ny felles forskrift om opptak til høgare utdanning" i fylkesutvalet 06.12.06.

Fylkesutvalet fatta slikt vedtak:

Fylkesrådmannen går inn for endringar i §§ 2-1, 2-4, 4-1, 7-2 og 7-8 i forskrifta, jfr. saksframlegget.


Anger Øvsthus Tønder


Rolf Hall-Hansen

Vedlegg: Fylkesutvalssak 329/06 - Framlegg til ny felles forskrift om opptak til høgare utdanning.



Arkivsak 200606607-2
Arkivnr. 560
Saksh. Hansen, Hall Rolf

Saksgang	Møtedato
Opplærings- og helseutvalet	29.11.2006
Fylkesutvalet	06.12.2006

HØYRING: FRAMLEGG TIL NY FELLEES FORSKRIFT OM OPPTAK TIL HØGARE UTDANNING

SAMANDRAG

Til framlegget til ny felles forskrift om opptak til høgare utdanning har fylkesrådmannen kommentarar til kapittel 2 Generell studiekompetanse, kapittel 4 Spesielle opptakskrav og kapittel 7 Rangering av kvalifiserte søkjarar ved opptak.

FORSLAG TIL INNSTILLING

Fylkesrådmannen går inn for endringar i §§ 2-1, 2-4, 4-1, 7-2 og 7-8 i forskrifta jfr. saksframlegget.

Paul M. Nilsen

Svein-Erik Fjeld

Vedlegg:

FYLKESRÅDMANNEN, 20.11.2006:

Frå Kunnskapsdepartementet har fylkesrådmannen fått følgjande sak til uttale: "Framlegg til ny felles forskrift til høgare utdanning."

Saka har vore på høyring blant HFK sine vidaregåande skular.

Ein har motteke to høyringsuttalar frå skulane. Desse er frå Knarvik vidaregåande skule og Fiskarfagskulen i Austevoll. Uttalene frå skulane er til punkta om *førstegangsvitnemål, tilleggsopeng og tilleggskrav i norsk for studentar som har fullført 2-årig teknisk fagskule*.

Fylkesrådmannen har kommentarar til fylgjande paragrafar i høringsframlegget:

Kapittel 2 Generell studiekompetanse

Til § 2-1

Departementet ber om uttale til ei ordning med spesielle reglar for søkjarar til høgare utdanning som er meir enn 23 år og har minimum 5 års arbeidserfaring. Alternativa er om denne gruppa skal eller ikkje skal dokumentere arbeidserfaringa si. I begge alternativa må søkjarane frå denne gruppa dokumentere dei fastsette krave til fellesfag.

Fylkesrådmannen meiner at ein ikkje bør krevje at ein kan dokumentere oppnådd arbeidserfaring. Grunnen til dette er at ein trur at mange i denne gruppa ikkje kan dokumentere arbeidserfaringa si og på denne måten fell utanfor ordninga. Denne gruppa vil sikkert ha nok av utfordringar for å kunne ta til med høgare utdanning.

Til § 2-4

Departementet gjer framlegg om at søkjarar med fullført to års fagskoleutdanning får generell studiekompetanse under føresetnad om at ein kan dokumentere kunnskaper i norsk jf § 2-2.

Fylkesrådmannen er samd i denne endringa.

Kapittel 4 Spesielle opptakskrav

Til § 4-1

Departementet opner opp for at NTNU frå og med opptaket 2007 skal kunne krevje karakteren 4 i matematikk for opptak til integrert masterstudium i teknologiske fag og arkitekturfag. Departementet ber om at høringsinstansane vurderer om dette i framtida bør vere eit generelt krav til slike studiar.

Fylkesrådmannen meiner at karakterkravet i matematikk for opptak til slike studier kanskje kan vere endå strengare formulert.

Kapittel 7 Rangering av kvalifiserte søkjarar ved opptak

Til §7-2

Departementet gjer framlegg om at omgrepet primærvitnemålskvote i gjeldande forskrift vert erstatta av omgrepet *førstegangsvitnemål*.

Ordninga med førstegangsvitnemål innebær at søkjarar under 22 år med slikt vitnemål skal komme i ei eiga gruppe ved opptak til høgare utdanning. Departementet gjer framlegg om at 50% av søkjarane til høgare utdanning skal komme frå denne gruppa. Søkjarar med *førstegangsvitnemål* som ikkje kvalifiserer seg til opptak i denne gruppa, kan konkurrere om opptak i ordinær kvote.

Føremålet med ordninga er å stimulere elevane til auka innsats medan dei går i vidaregåande skule. Førstegangsvitnemål kan berre utferdast ein gong til sama person.

Fylkesrådmannen er samd i endringa.

Til §7-8

Tilleggs-poeng som stimulans for å velje eit bestemt studium har departementet gjort framlegg om ikkje å halda fram med. Unntak frå dette er tilleggs-poeng for å ta realfag i vidaregåande skule som lekk i Regjeringa sin realfagsstrategi. Departementet vil også halda fram med ordninga med tilleggs-poeng for eit år på folkehøgskule og sivilteneste eller militær fyrstegongsteneste (§ 7-11).

Fylkesrådmannen ser positivt på at regjeringa set fokus på satsing på realfag.

I høyringsuttalen frå Knarvik vidaregåande skule heiter det mellom anna:

”Knarvik vidaregåande skule vil som pionerskule for TAF-ordninga (tekniske allmenne fag, sjå: <http://taf.no>) fremja følgjande endringsforslag til framlegget til ny felles forskrift om opptak til høgere utdanning.

I. Til §7-2, pkt (1): Førstegangsvitnemål:

Framlegg: Utdanninga TAF som inneber 4-årig utdanning som fører fram til både fagbrev og spesiell studiekompetanse med matematikk 3MX og fysikk 3FY må omfattast av ordninga med førstegangsvitnemål. Grunngevinga er at elevane/lærlingane i dette skuletilbodet har ei fortløpande 4-årig utdanning både i studieførebuande fag og yrkesfag. Dei er svært etterspurde både i næringslivet og som studentar på høgskular og universitet.

II. Til §7-8, TILLEGGSPOENG FOR FAGBREV OG REALFAG

Framlegg: Elevar som tar 4-årig utdanning innanfor TAF får tilleggs-poeng for kombinasjonen matematikk R1 + R2 (tidlegare 2MX og 3MX), fysikk 1 og 2 (tidlegare 2FY og 3FY) og for fagbrev, til saman 4 tilleggs-poeng.

Oppsummerande grunngeving: Utdanninga er 4-årig og kombinerer teoretisk opplæring i studieførebuande fag med matematikk og fysikk på høgaste nivå med fagbrev innanfor elektrofag, bygg- og anleggsteknikk eller teknikk og industriell produksjon. Kompetansen til desse elevane er svært høg og utdanninga svarar på sentrale prioriteringar i utdanningspolitikken: satsing på realfag, omfattande samarbeid med lokalt næringsliv med stor del av utdanninga som utplassering og relativt høg jenteandel på fagfelt tradisjonelt dominert av gutar (13,2 % ved Knarvik vidaregåande skule inneberande skuleår).”

Fylkesrådmannen stør uttalen frå Knarvik vidaregåande skule.

Knarvik vidaregåande skule

Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 Oslo

Vår ref.: 219/2006

Isdalstø, 16.11.2006

HØRINGSUTTALE: Forslag til ny felles forskrift om opptak til høyere utdanning.

Knarvik vidaregåande skule vil som pionerskule for TAF-ordninga (tekniske allmenne fag, sjå: <http://taf.no>) fremja følgjande endringsforslag til framlegget til ny felles forskrift om opptak til høyere utdanning.

I. Til §7-2, pkt (1): Førstegangsvitnemål:

Framlegg: Utdanninga TAF som inneber 4-årig utdanning som fører fram til både fagbrev og spesiell studiekompetanse med matematikk 3MX og fysikk 3FY må omfattast av ordninga med førstegangsvitnemål. Grunngevinga er at elevane/lærlingane i dette skuletilbodet har ei fortløpande 4-årig utdanning både i studieførebuande fag og yrkesfag. Dei er svært etterspurde både i næringslivet og som studentar på høgskular og universitet.

II. Til §7-8, TILLEGGSPØENG FOR FAGBREV OG REALFAG

Framlegg: Elevar som tar 4-årig utdanning innanfor TAF får tilleggsføeng for kombinasjonen matematikk R1 + R2 (tidlegare 2MX og 3MX), fysikk 1 og 2 (tidlegare 2FY og 3FY) og for fagbrev, til saman 4 tilleggsføeng.

Oppsummerande grunngeving: Utdanninga er 4-årig og kombinerer teoretisk opplæring i studieførebuande fag med matematikk og fysikk på høgaste nivå med fagbrev innanfor elektrofag, bygg- og anleggsteknikk eller teknikk og industriell produksjon. Kompetansen til desse elevane er svært høg og utdanninga svarar på sentrale prioriteringar i

utdanningspolitikken: satsing på realfag, omfattande samarbeid med lokalt næringsliv med stor del av utdanninga som utplassering og relativt høg jenteandel på fagfelt tradisjonelt dominert av gutar (13,2 % ved Knarvik vidaregåande skule inneberande skuleår).

Bakgrunn og grunngeving

Denne saka har vi fremja 2 gongar tidlegare (brev av 10. mars 2002 og brev av 12. mars 2006). I brev av 1. juni 2006 frå Utdanningsdirektoratet til Hordaland fylkeskommune at saka skal tas opp på nytt i samband med innføringa av Kunnskapsløftet

Ved Knarvik vidaregåande skule har vi sidan 1992 hatt undervisningstilbodet TAF (Teknisk allmennfag). (Sjå også: <http://www.taf.no/>). TAF er ei 4-årig utdanning som fører fram til både *fagbrev og spesiell studiekompetanse med matematikk R1 + R2* (tidlegare 2MX og 3MX) og fysikk 1 og 2 (tidlegare 2FY og 3FY). Denne spesielle studiekompetansen gjev adgang til *alle* høgare tekniske utdanningar, inkludert NTNU. Ungdomane vert rekrutterte direkte frå 10. klasse i ungdomsskulen og dei inngår avtale med ei bedrift om å fullføra løpet fram til fagbrev og studiekompetanse. Ungdomane vert rekna som elevar dei to fyrste åra, mens lærekontrakt vert inngått ved starten av det tredje opplæringsåret. Skulen har ansvaret for den teoretiske opplæringa, medan bedriftene i samarbeid med skulen har ansvaret for den praktiske delen.

TAF har vore eit studietilbod som er sterkt ønskt og er støtta av næringslivet. Ein har sett at ein har kunna rekruttera høgt kvalifiserte elevar frå ungdomsskulen, gje dei både ei grundig fagopplæring som munnar ut i fagbrev og samstundes gje dei ein spesiell studiekompetanse. Bedriftene har også sett at denne ordninga har styrka rekrutteringa til industrien, og samstundes har ein no etterkvart kunna tilsetja høgt kvalifiserte ingeniørar med bakgrunn frå NTNU, universitet og høgskular som også har fagbrev. Leiingar med fagbrev har styrka både leiaren og bedriften sin kompetanse.

Knarvik vidaregåande skule meiner at TAF-elevar bør kunna få **tilleggs poeng for fagbrev i kombinasjon med realfag** av fleire grunnar: Utdanninga er 4-årig og skil seg ut frå anna utdanning ved at ein kombinerer tunge teoretiske fag frå studieførebuande utdanningsprogram med yrkesfaglege studieprogram som inkluderer avsluttande fagprøve slik at elevane lærlingane går ut av den vidaregåande skulen med både spesiell studiekompetanse og fagbrev. Innanfor TAF-ordninga er det likevel ikkje rom for meir enn to realfag over to år (matematikk og fysikk). Dette gir 3 poeng. Elevar på studiespesialiserande utdanningsprogram kan ta eit tredje realfag og få eit fjerde poeng, og det er rimeleg at TAF-elevane på same får eitt poeng ekstra for den verdifulle fordjupinga dei har gjennom kombinasjonen av allmennfagleg utdanning og fagbrev.

Vi oppfattar Forskrift om opptak til høgere utdanning også som eit styringsdokument der det vert lagt inn sentrale føringar for kva slags utdanning og fagbakgrunn som vi har behov for og ønskjer i Noreg. Elevar på TAF bør setjast i ei

særstilling nettopp fordi dei har tatt ei utdanning som tar på alvor sentrale føringar i norsk utdanningspolitikk (satsing på realfag, omfattande samarbeid med lokalt næringsliv med stor del av utdanninga som utplassering og relativt høg jenteandel på fagfelt tradisjonelt dominert av gutar (13,2 % ved Knarvik vidaregåande skule inneberande skuleår).

Hausten 2005 vart det arrangert ein TAF-konferanse i Bergen der alle skular med TAF-tilbodet møtte. TAF-skulane framstår etter denne konferansen som ein heilskap der vi alle har same målsetting i høve til lokalt næringsliv. Det er i dag 11 skular som gir eit eller anna tilbod innanfor TAF og totalt vert det no uteksaminert nærare 100 elevar/lærlingar frå TAF kvart skuleår. Dette talet er aukande då fleire og fleire skular har dette undervisningstilbodet.

Vi vonar at departementet vil ta omsyn til våre ønskje i denne saka.

Med helsing

Inge Alver
rektor

Eirik Kolstad
ass. rektor

Bjørn Brekkan
studieinspektør

Rolf Hall-Hansen

Fra: Helga T. Rabben
Sendt: 16. november 2006 14:29
Til: Rolf Hall-Hansen
Emne: SV: Høring: Forslag til ny felles forskrift om opptak til høyere utdanning

Vedrørende høringsnotat om opptak til høgare utdanning.

Viser til kapittel 2 Generell studiekompetanse:

Som lærarar i norsk i vidaregåande skule og teknisk fagskule (gamal og ny ordning) har vi følgjande kommentarar og meining om tilleggskravet i norsk for studentar som har fullført 2-årig teknisk fagskule §2-4:

Timetal og innhald i norskfaget i den nye 2-årige fagskulen tilseier at studentane oppfyller krav til generell studiekompetanse utan å måtte oppfylle tilleggskrav i norsk slik det står i framlegget til forskrifta.

Vonar at denne kommentaren kan vere med i Dykkar uttale.

Med helsing
Reidun Børnes
Fiskarfagskulen i Austevoll
Teknisk fagskule for maritime fag

Helga T. Rabben

-----Opprinnelig melding-----


Fra: Rolf Hall-Hansen
Sendt: 15. november 2006 09:53
Til: Offisiell post til alle skoler
Emne: Høring: Forslag til ny felles forskrift om opptak til høyere utdanning

Høring: Forslag til ny felles forskrift om opptak til høyere utdanning.

Opplæringsavdelinga har ingen vesentlige kommentarer til ovennevnte høringsnotat. Dersom skolene har kommentarer som bør være med i vår uttalelse, må vi ha dem innen fredag kl.:1200.

Rolf Hall Hansen
Rådgiver
Opplæringsavdelinga
Hordaland fylkeskommune
Tlf.: 55 23 92 29
e-post:rolf.hall-hansen@post.hfk.no

Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 OSLO



Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)
200606607-8/560/RHHA

Dykkar ref.:

Bergen, 15. desember 2006

Høyring. Framlegg til ny felles forskrift om opptak til høgare utdanning

Hordaland fylkeskommunen har tidlegare sendt høringsuttale i denne saka.

Det er ei endring som ikkje fekk med i denne uttalen. Dette er til § 4-1 der departementet meiner at "... NTNU frå og med opptaket 2007 **skal kunne krevje 4** i matematikk for opptak til integrert masterstudium i teknologiske fag og arkitekturfag...". Vi meiner at formuleringa bør endrast fra **skal kunne krevje til skal krevje**.


Inger Øvsthus Tønder


Rolf Hall Hansen